

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 19.12.2022

Vår ref.: 201700734-20 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om auka grunnvassuttak til Tytlandsvik Aqua AS, Hjelmeland kommune i Rogaland

NVE har motteke ein søknad frå Tytlandsvik Aqua AS, datert 4.4.2022, om løyve til auka uttak av grunnvatn ved Tytlandsvik. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker. Søknaden vert sendt til dei som uttalte seg til søknad om grunnvassuttak i 2017 og til aktuelle statlege og regionale myndigheiter.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 201700734 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan **15.2.2023**.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 45. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

Skildring av tiltaket

Tytlandsvik Aqua AS søker om eit auka uttak av grunnvatn til produksjon av postsmolt. Den 23.3.2018 fekk Tytlandsvik Aqua AS løyve til å ta ut inntil 4 m³/min grunnvatn. Det vert no søkt om eit uttak på inntil 8 m³/min. Uttaket er fordelt jamt over året. Tiltakshavar beskriv erfaringane med dagens uttak som gode og grunnvassmodellen viser at ein kan ta ut 8 m³/min utan at sjøvatn vert infiltrert. Modellen indikerer at med utvida uttak vil



middelvassføringa i Vormo kunne verte redusert med 1,4 %, og for lågvassføring om sommaren kan det verte ein reduksjon på 10 %. Arealbruken for anlegget er avklara gjennom reguleringsplan.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Norges geologiske undersøkelse
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
HJELMELAND KOMMUNE
Mattilsynet

Kopimottakarliste:

Tytlandsvik Aqua AS
Tytlandsvik Aqua AS - Jone Sedberg